



Saksbehandlar: Daniel Gåsemyr Fluge, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/8330-3

Tertialrapport 2/15

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2015

- 1 Budsjettert fylkeskatt vert redusert med 7,000 mill. kr.
- 2 Rammetilskotet vert auka med 24,385 mill. kr.
- 3 Føresette inntekter på rentekompensasjonsordningane vert redusert med 2,300 mill. kr.
- 4 Budsjetterte utgifter til renter og avdrag vert redusert med 2,300 mill. kr.
- 5 Konesjonskraftinntektene vert redusert med 1,800 mill. kr.
- 6 Avsetting til disposisjonsfond vert auka med netto 17,000 mill. kr med slik fordeling:

<u>Bruk av disposisjonsfond</u>	
<i>Reduksjon i lokale inntekter vert saldert mot bufferfondet</i>	<i>1,800 mill. kr</i>
<i>Fondsmidler til juridisk honorar</i>	<i>1,200 mill. kr</i>
 <u>Avsetting til disposisjonsfond</u>	
<i>«Fylkesvegar – vedlikeholdsmidler»</i>	<i>20,000 mill. kr</i>
- 7 Sektorbudsjettet til forvaltning vert redusert med 2,500 mill. kr med slik fordeling:
 - Teneste 4200 Administrasjon vert redusert med 3,700 mill. kr.*
 - Teneste 4800 Juridisk honorar vert auka med 1,200 mill. kr.*
- 8 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 11,246 mill. kr med slik fordeling:
 - Teneste 5100 Utgifter til lokale vert redusert med 4,800 mill. kr.*
 - Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter vert redusert med 1,400 mill. kr.*
 - Teneste 5200 Pedagogisk leining m.v. vert redusert med 0,664 mill. kr.*
 - Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 3,200 mill. kr.*
 - Teneste 5202 Gjesteelevar vert redusert med 0,500 mill. kr.*
 - Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert auka med 0,500 mill.kr.*
 - Teneste 5313 Jordbruksskulegardar vert redusert med 0,100 mill. kr.*
 - Teneste 5613 Oppfølgingstenesta vert redusert med 0,182 mill.kr,*
 - Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert redusert med 1,400 mill. kr.*
 - Teneste 5702 Fagprøvar vert auka med 0,500 mill. kr.*
 - Teneste 5810 Vaksenopplæring vert auka med 0,500 mill. kr.*
 - Teneste 5903 Karriererettleing vert redusert med 0,500 mill. kr.*
- 9 Teneste 7019 Andre næringsområde vert auka med 1,500 mill. kr. Midlane vert nytta til etablering av eit presåkornfond.

- 10 Sektorbudsjettet til kultur vert auka med 0,550 mill. kr med slik fordeling:
Teneste 7500 Kulturminnevern vert auka med 0,100 mill. kr.
Teneste 7710 Kunstformidling vert auka med 0,450 mill. kr.
- 11 Sektorbudsjettet til samferdsle vert auka med 11,781 mill. kr med slik fordeling:
Teneste 7221 Driftsmidlar overført til investering vert auka med 30,281 mill. kr.
Teneste 7222 Fylkesveggar – drift og vedlikehald vert auka med 5,700 mill. kr.
Teneste 7223 Fylkesveggar uforutsette hendingar vert redusert med 21,400 mill. kr.
Teneste 7300 Buss – Kjøp av teneste vert redusert med 0,500 mill. kr.
Teneste 7301 Buss – Skuleskyss grunnskulen vert auka med 0,400 mill. kr.
Teneste 7302 Buss – Skuleskyss vgs. vert redusert med 0,700 mill.kr.
Teneste 7303 Ungdomstilbod vert redusert med 1,300 mill. kr.
Teneste 7306 Buss – Diverse vert redusert med 0,700 mill. kr.
Teneste 7310 Fylkesvegferjer vert auka med 4,700 mill. kr.
Teneste 7321 Båt – skuleskyss/veglause grender vert redusert med 0,600 mill. kr.
Teneste 7322 Båt – Ekspress- og lokalruter vert redusert med 2,800 mill. kr.
Teneste 7331 Tilrettelagt transport vert redusert med 1,300 mill. kr.
- 12 I høve sluttsaldering av kostnader knytt til brannen i Skatestraumtunnelen får fylkesrådmannen fullmakt til å saldere avrekning av tildelt skjønstilskot frå KMD og eventuell erstatning frå eigar av vogntoget si ansvarsforsikring mot skadefondet for fylkesvegnettet.

B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2015

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 1.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesveggar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 2.

C. Andre område

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 3 vert teken til vitande.
- 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 4 vert teken til vitande.

... Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

1. Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan.
2. Investeringsprogrammet for fylkesveggar med tilhøyrande finansieringsplan.
3. Rapportering på finansporteføljen.
4. Rapportering på konsesjonskraftomsetjinga.
5. Svar på søknad om kompensasjon etter brann i Skatestraumstunnelen.

SAKSFRAMSTILLING

1. ØKONOMISK STATUS

Fylkeskommunen er no inne i ei svært krevjande tid. Den store reduksjonen i rammetilskotet som følgje av nytt inntektssystem, gjer at vi i løpet av få år må ta ned driftsnivået på aktiviteten vår med i beste fall 135 mill. kr, i verste fall om lag 220 mill. kr årleg.

Det krev store omstillingar, og organisasjonen er prega av det utgreiingsarbeidet som no pågår med sikte på å få balanse i økonomien.

Vi har i dag ei lånegjeld som utgjer ca. 80% av driftsinntektene våre. Fram mot slutten av økonomiplanperioden vil den utgjere om lag 90-100%. Tilrådd maksimumsnivå er på 75%.

Betjening av lånegjelda legg stort beslag på dei årlege driftsmidlane våre, og vi er svært sårbare for ein renteoppgang. Ein kan grovt rekne at 1%-poeng renteauke vil medføre 25 mill. kr/år i auka kapitalutgifter (på ei usikra lånegjeld på 2,5 mrd. kr.)

Eitt av salderingstiltaka som vart skissert i arbeidsdokument 3/15 er å redusere kapitalutgiftene våre. Dette kan gjerast på ulike måtar, m.a. ved å redusere planlagde låneopptak eller ved å betale ned på eksisterande lånegjeld. Ein slik reduksjon i kapitalutgiftene vil redusere behovet for å sette i verk innsparingstiltak på sektornivå.

Gjennom denne tertialrapporten tilrår fylkesrådmannen at frigjorte driftsmidlar på 15,381 mill. kr vert kanalisert mot investeringsbudsjettet. Dette gjer at vi kan redusere planlagt låneopptak tilsvarende. I tillegg har fylkestinget fastsett at innsparte kapitalutgifter i året skal gå til ekstraordinær nedbetaling av gjeld. Det ligg an til at vi her kan betale ned 27 mill. kr i 2015.

Samla vil desse grepa gje oss ein reduksjon i kapitalutgiftnivået på 3 mill. kr årleg, og samstundes redusere behovet for å sette i verk innsparingstiltak tilsvarende.

På investerings sida er det lagt opp til å redusere investeringsbudsjettet for bygg med ca. 46 mill. kr. Dette er i hovudssak knytt til forskyvingar for prosjekta, der løyvingane kjem seinare.

Investeringsbudsjettet for veg vert samla auka med 31 mill. kr. 22 mill. kr av dette er knytt til meirforbruk på Dalsfjordsambandet i 2015.

2. DRIFTSBUDSJETTET

2.1 Fylkesskatt og statlege overføringar

Fylkesskatt

I revidert nasjonalbudsjett vart skatteanslaget for fylkeskommunane samla sett ned frå 4,4% til 3,3%. Basert på det justerte skatteanslaget for fylkeskommunane samla, tilrår fylkesrådmannen å redusere skatteanslaget for inneverande år med 7 mill. kr.

Rammetilskot

Endringar i rammetilskotet etter Revidert nasjonalbudsjett (RNB)

Endringar for fylkeskommunen som følgje av RNB medfører ein auke i rammetilskotet på 7,985 mill. kr i 2015. Auken fordeler seg slik:

- Kompensasjon for redusert skatteanslag – 3,9 mill. kr
- Auka tapskompensasjon etter omlegging til nytt inntektssystem – 0,965 mill. kr
- Auke i læringstilskotet – 0,620 mill. kr
- Fordeling etter nye retningslinjer for regionalstøtte – transport – 2,5 mill. kr

I RNB vedtok stortinget å kompensere/styrkje kommuneøkonomien med 187,3 mill. kr. Midlane vert fordelt etter del av skatteinntektene – for vår fylkeskommune utgjer det 3,9 mill. kr.

Vidare vart den samla tapskompensasjonen auka - med 10 mill. kr - til fylkeskommunane som taper på omlegginga av inntektssystemet. Vår del av dette utgjer berre 0,965 mill. kr. Utifrå storleiken på tapet vårt på omlegging til nytt inntektssystem, får vi altså ein veldig liten del. I fordelinga er det lagt vekt på verknadane i inntektssystemet det første året. Tapskompensasjonen tek såleis ikkje høgde for at omlegginga av inntektssystemet for vår del medfører ei opptrapping av tapet med 55,7 mill. kr årleg fram til 2019.

Lærlingtilskotet vert auka med kr 2 500 per kontrakt med verknad frå 01.07.2015. Kompensasjonen for auka utgifter er fordelt mellom fylkeskommunane etter delkostnadsnøkkel for vidaregåande opplæring. For Sogn og Fjordane fylkeskommune utgjer dette 0,620 mill.kr. Fylkesrådmannen tilrår at opplæringssektoren får tilført desse midlane.(jf. pkt. 2.5)

Kostnadane til fylkeskommunane som følgje av dei nye retningslinjene for transportstøtte frå 2014 er anslege til 139 mill. kr for 2015. Sogn og Fjordane fylkeskommune sin del av desse midlane er 2,5 mill. kr. Fylkesrådmannen tilrår at samferdslesektoren får tilført desse midlane.(jf. pkt. 2.8)

Skjønsmidlar frå KMD – Skatestraumstunnelen

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) kompenserer oss med 16,4 mill. kr etter ulukka i Skatestraumstunnelen, jf eige brev/vedlegg. Dette er 50% av fylkeskommunen sine investeringskostnader. Fylkesrådmannen legg opp til å nytte tildelte skjønsmidlar på samferdsle-sektoren, jf. pkt. 2.8.

Samla auke i rammetilskotet vert på 24,385 mill. kr.

2.2 Kapitalinntekter og -utgifter

Ordinære renteinntekter

Prognosane per 2.tertial viser at renteinntektene vert om lag som føreset. Rentenivået har vore lågare enn rekna med, men ein høgare likviditet gjer at inntektene er venta å verte om lag som budsjettet. Det er framleis knytt noko uvisse til delen av renteinntektene som skal tilførast fond og spesifikke tilskot (t.d. KMD-midlar).

Rentekompensasjonsordning for skulebygg og fylkesvegar

Marknadsrentene har vore fallande i 2015. Nivået på renta for kompensasjonsordningane for skulebygg og fylkesveg føl styringsrenta og marknadsrentene elles. Eit lågare rentenivå i 2015 enn føreset fører til ein inntektsreduksjon for oss på samla 2,3 mill. kr. Fylkesrådmannen tilrår å sjå dette i samanheng med reduserte renteutgifter, jf. under.

Renteutgifter og avdrag

Eit lægre rentenivå enn føreset medfører at prognosane for renteutgifter vert noko nedjusterte. Etter gjeldande rutine vert ev. innsparingar knytt til reduserte renteutgifter nytta til ekstraordinær avdragsbetaling. I denne tertialrapporten vil fylkesrådmannen tilrå å gjere eit unntak frå rutinen. Det er naturleg å sjå eit lægre rentenivå i samanheng, både på inntekts- og utgiftsida. Fylkesrådmannen vil difor tilrå at 2,3 mill. kr av den samla reduksjonen i renteutgifter vert nytta til å dekke inn svikten i renteinntekter frå rentekompensasjonsordningane. Reduserte renteutgifter i 2015 utover dette vert i tråd med gjeldande rutine nytta til ekstraordinær avdragsbetaling. Utifrå prognosar per 2.tertial vil renteutgiftene utgjere om lag 57 mill. kr i 2015. I driftsbudsjettet for 2015 er det rom for å betale om lag 127 mill. kr i avdrag, justert for endringane over.

Utifrå dette vert budsjetterte inntekter frå rentekompensasjon redusert med 2,3 mill. kr. Utgiftene til renter og avdrag vert redusert tilsvarande.

2.3 Lokale inntekter

Konsesjonskraft

Oppdaterte prognosar viser ein inntektsvikt på 1,8 mill. kr i høve prognosen i T1/15. Dette skuldast reduserte straumprisar og lægre områdeprisar i dei sonene fylkeskommunen leverer straum.

I tråd med budsjettføresetnaden (65 mill.kr. lokale inntekter i driftsbudsjettet) vert reduksjonen i dei lokale inntektene avstemt mot bufferfondet.

2.4 Forvaltning

Teneste 4200 administrasjon

Deler av sentraladministrasjonen vert budsjettert på sektorane, jf. KOSTRA-rettleiaren. I

budsjettet for 2015 pkt. 2.6.3 har fylkesrådmannen følgende fullmakt:

«Fylkesrådmannen får fullmakt til å sjå løyvingane innanfor sentraladministrasjonen i samanheng. Løyvingane til administrasjonsutgifter er fordelt på ulike tenester. Fylkesrådmannen får fullmakt til å sjå desse løyvingane på sektorbudsjetta i samanheng.»

Eit av innsparingstiltaka i budsjett 2015/økonomiplan 2015-2018 er reduksjon i budsjettet for sentraladministrasjonen. For å følgja opp dette har fylkesrådmannen hatt ei restriktiv haldning ved vurdering av behovet for tilsetjingar i vakante stillingar/permisjonar. For 2015 gjev dette ei samla innsparing på 3,7 mill. kr utover fastsett innsparingskrav.

Teneste 4800 Juridisk honorar

I 2014 vart det avsett 1,2 mill. kr i unytta midlar til juridisk bistand. I 2015 har det vore høg aktivitet, i hovudssak knytt til arbeid med eigarsaka i Fjord1 AS. Fylkesrådmannen tilrår at budsjettet til juridiske honorar vert auka med 1,2 mill. kr i 2015, og at auken vert finansiert med avsette fondsmidlar.

2.5 Opplæring

Teneste 5100 Utgifter til lokale

Per andre tertial viser årsprognosen for 2015 eit mindreforbruk på om lag 4,8 mill. kr. Innsparinga er i hovudsak knytt til endring i leigeavtalar og at den økonomiske ramma for tildeling til dei vidaregåande skulane er større enn faktisk behov.

Om lag 0,7 mill. kr av denne innsparinga er knytt til strukturendringane i skulebruksplanen og er såleis ei forsering av innsparinga som er innarbeidd i økonomiplanen frå hausten 2017. Fylkesrådmannen tilrår ut frå dette ein samla reduksjon av tenesta i 2015 på 4,8 mill. kr.

Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter

Årsprognosen for 2015 viser eit mindreforbruk på ca. 1,4 mill. kr på tenesta. Om lag 0,9 mill. kr av dette er knytt til strukturendringane i skulebruksplanen og er såleis ei forsering av innsparinga som er innarbeidd i økonomiplanen frå hausten 2017. I tillegg tilrår fylkesrådmannen at tenesta vert redusert med 0,5 mill. kr frå 2015. Det er grunnlag for å vidareføre denne innsparinga.

Teneste 5200 Pedagogisk leining m.v.

Gjennom vedtak i HO-sak 07/15, er det frå hausten 2015 realisert innsparing med ein årleg verknad på om lag 1,5 mill. kr. Innsparinga er knytt til endring i arbeidsoppgåver, ressursramme og organisering av arbeidslivskontaktressursen. Verknaden for 2015 er rekna til 0,664 mill. kr. Fylkesrådmannen tilrår at budsjettet for tenesta i 2015 vert redusert tilsvarende

Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter

Omstillingsmidlar/seniortiltak

I budsjettet for 2015 er det samla sett av 9,9 mill. kr til omstillingsmidlar og i underkant av 1,0 mill. kr til seniortiltak. Årsprognosen for 2015 viser eit samla mindreforbruk på desse anslagsløyvingane på 2,9 mill. kr.

Sektorintern utvikling

Det er i økonomiplanen årleg budsjettert med 0,3 mill. kr til sektorintern utvikling. Løyvinga har i perioden 2012-2014 vore nytta til saldering av innsparingstiltak og satsingar i opplæringssektoren. Løyvinga for 2015 er ikkje disponert.

Fylkesrådmannen tilrår at budsjettet for tenesta i 2015 samla vert redusert med 3,2 mill. kr.

Teneste 5202 Gjestelevar

Det er i 2015 budsjettert med om lag 5,2 mill. kr til føremålet. Årsprognosen viser eit mindreforbruk på om lag 0,5 mill. kr. Dette skuldast mellom anna at færre elevar enn føresett gjer seg nytte av Hordalandsavtalen. Fylkesrådmannen tilrår at budsjettet for tenesta i 2015 vert redusert med 0,5 mill. kr.

Teneste 5210 Utdanningsprogramma

Opplæringsfartøy - tilskot frå fylkeskommunen

I FT-sak 45/12 *Praksisopplæring for elevar i maritim og marin opplæring i Sogn og Fjordane – alternative løysingar*, vart tilskotet frå fylkeskommunen redusert frå 2,2 til 1,5 mill. kr årleg. Det var føresett at skulen skulle forhandle med selskapet om å få ned leigekostnadene for fartøyet og

at skulen sjølv skulle finne inndekning av ev. differanse mellom leigekostnaden og det fylkeskommunale tilskotet.

Det har skuleåret 2014-15 vore arbeidd aktivt frå selskapet og skulen si side for å redusere kostnadene og auke inntektene m.a. ved å nytte fartøyet til andre oppdrag. Det syner seg at det ikkje er realistisk å redusere utgiftene eller auke inntektene som føresett. Opplæringsfartøyet er å sjå på som ein viktig læringsarena og såleis ein del av lokalitetane for skulen. I påvente av vurderingane knytt til eventuelt nytt opplæringsfartøy og med finansiering over innsparte midlar på skulelokale, rår fylkesrådmannen difor til at det årlege tilskotet frå fylkeskommunen vert auka med 0,5 mill. kr frå 2015.

Teneste 5313 Jordbruksskulegardar

I samband med økonomiplanarbeidet vart den ufordelte løyvinga til jordbruksskulegardar redusert med 0,4 mill. kr frå 2015. Fordelinga til skulane i 2015 viser ei ytterlegare innsparing på 0,1 mill. kr, og fylkesrådmannen tilrår at tenesta vert redusert tilsvarande.

Teneste 5613 Oppfølgingstenesta

I vedtaket om organisering av oppfølgingstenesta i HO-sak 06/15, er det frå hausten 2015 realisert ei årleg innsparing på om lag 0,4 mill. kr. Innsparinga er knytt til endring i stillingsstorleik for OT-kordinatorane ved dei vidaregåande skulane. Verknaden for 2015 er rekna til 0,182 mill. kr. Fylkesrådmannen tilrår at budsjettet for tenesta i 2015 vert redusert tilsvarande.

Teneste 5701 Opplæring i bedrift

I Revidert nasjonalbudsjett vart satsane for tilskot til lærebedrifter auka med kr 2500 per lærekontrakt. Kompensasjonen i rammetilskotet er på 0,620 mill. kr i 2015, og tenesta vert auka tilsvarande, jf. pkt. 2.1. Samstundes tyder årsprognosen for tilskot til lærebedrifter på eit mindreforbruk på om lag 2,0 mill. kr. Det er monaleg uvisse knytt til prognosen.

Fylkesrådmannen tilrår at budsjettet vert redusert med netto 1,4 mill. kr.

Teneste 5702 Fagprøvar

Det er i 2015 budsjettert med 10,6 mill. kr til føremålet. Årsprognosen tyder på eit meirforbruk på fagprøver på om lag 0,5 mill. kr, og fylkesrådmannen tilrår at budsjettet vert auka tilsvarande.

Teneste 5810 Vaksenopplæring

Det er i 2015 budsjettert med 3,3 mill. kr til føremålet. Årsprognosen for tenesta tyder på eit meirforbruk i 2015 på om lag 0,5 mill. kr. Auken i forbruk kjem mellom anna som følgje av forskriftsendring gjeldande frå 2014, som inneber løpande opptak til vidaregåande opplæring for vaksne. I tillegg treng fleire vaksne med rett meir opplæring fram til ønska sluttkompetanse, då dei har mindre yrkespraksis enn tidlegare. Fylkesrådmannen tilrår at budsjettet for tenesta vert auka med 0,5 mill. kr i 2015.

Teneste 5903 Karriererettleiing

Det er i 2015 sett av 1,043 mill. kr i fylkeskommunale midlar til karriererettleiing. I tillegg kjem statstilskot og tilskot frå kommunane og NAV på til saman om lag 2,1 mill. kr. Årsprognosen ved 2. tertial viser ei innsparing på om lag 0,5 mill. kr i 2015, i hovudsak som følgje av vakante stillingar. Fylkesrådmannen tilrår at løyvinga for 2015 vert redusert tilsvarande.

2.6 Plan og næring

Teneste 7019 Andre næringsområde

Fylkeskommunen tildeler Innovasjon Norge midlar som m.a. vert nytta som tilskot og lån til næringslivet i fylket. Deler av desse midlane vert sett av på eit sentralt tapsfond for å dekke eventuelle tap i samband med desse utlåna. Når det er tilstrekkeleg med midlar på dette tapsfondet vert overskytande tilbakeført. I 2015 er det attendeført om lag 1,5 mill. kr til fylkeskommunen.

Fylkesrådmannen tilrår at inntekta vert nytta til etablering av eit preså Kornfond som skal gå inn med eigenkapital i nystarta bedrifter. Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane og Sparebanken Sogn og Fjordane har gått inn med midlar. Satsinga er i tråd verdiskapingsplanen sine tiltak for etablerarar og nyetablerte småbedrifter. Det er Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane som administrer fondet, og midlane vert såleis overført til preså Kornfondet. Tiltaket har ingen salderingsmessige konsekvensar.

2.7 Kultur

Teneste 7500 Kulturminnevern

Verdiskapingsprosjektet «European Route of Industrial Heritage» (ERIH) - «Reiseliv i industriens vogge» har vorte finansierte av eigendelsmidlar i 2013 og 2014. Prosjektet er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune og Riksantikvaren. For 2015 er det løyvd høvesvis 0,150 mill. kr og 0,300 mill. kr frå Hordaland fylkeskommune og Riksantikvaren. Sogn og Fjordane er utfordra på 0,150 mill. kr. 0,050 mill. kr av finansieringa vert løyst innanfor avsette eigedelsmidlar. Fylkesrådmannen tilrår at tenesta vert auka med resterande 0,100 mill. kr.

Teneste 7710 Kunstformidling

Budsjett 2015 til fylkesmusikarordninga er teke ned med 0,9 mill. kr sett i høve til budsjett 2014. Den føresette reduksjonen medfører endringar i personale og iverksettinga av innsparingstiltaket har teke noko lenger enn føresett. Innsparingstiltaket vil difor berre gje halvårseffekt i 2015. Fylkesrådmannen tilrår difor å auka løyvinga med 0,450 mill. kr i 2015.

2.8 Samferdsle

Skatestraumstunnelen

I FU-sak 79/15 om utbetring og finansiering etter brannen i Skatestraumstunnelen vart det vedteke å kome attende til oppdaterte tal og ei høveleg finansieringsløyving i tertialrapport 2/15.

Det har ikkje vore grunnlag for å endre kostnadsoverslaget i høve rehabilitering og utbetring av tunnelen. Kostnadsoverslaget er framleis rekna til 35,1 mill. kr for tiltak som følgje av brannen og 3,3 mill. kr til oppgradering i samsvar med tunneltryggingsforskrifta. I dette kostnadsoverslaget er det rekna inn byggherrekostnader på 2,1 mill. kr som vert dekkja av sams vegadministrasjon. Byggherrekostnadane er fordelt med 2 mill. kr på rehabilitering og 0,1 mill. kr på oppgradering. Kostnadane til fylkeskommunen vert såleis 36,3 mill. kr.

Den ekstra ferjekostnaden på sambandet Smørhamn – Kjelkenes var i FU-sak 79/15 stipulert til 16 mill. kr. Det var då føresett at tunnelen ville bli stengd resten av året. Statens vegvesen har no lagt opp til gjennomkøyning med ledebil frå 7.09. Dette medførte at ferja vart lagt ned frå 6.09.

Kostnaden med ferje blir med dette monaleg redusert i høve til vårt tidlegare anslag på 16 mill. kr i 2015. Det er no berekna at nettokostnaden med ferja blir om lag 4,7 mill. kr.

Finansiering:

Fylkesrådmannen har hatt som mål å løyse denne uføresette kostnaden utan å nytte for mykje av løyvinga til ordinær drift- og vedlikehald på fylkesvegnettet. Tilrådinga som er skissert nedanfor tek omsyn til dette.

Fylkeskommunen har søkt Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Samferdsledepartementet om statleg tilskot til etter brann i Skatestraumtunnelen. Fylkesrådmannen har fått svar frå KMD om at vi vil få tildelt skjønsmidlar på 16,4 mill. kr. Svarbrevet følgjer som vedlegg 5. Tildelte skjønsmidlar er 50% av fylkeskommunen sine berekna direkte kostnader for tiltak som følgje av brannen. Det vert tilrådd å nytte tildelte skjønsmidlar fullt ut. Vidare vil vi tilrå å omdisponere 21,4 mill. kr frå teneste 7223 Fylkesvegar – uføresette hendingar. Statens vegvesen rapporterer også om eit mindreforbruk på tunnelvedlikehald i høve tunneltryggingsforskrifta grunna forseinkingar. Det er difor rom for å nytte 3,2 mill. kr av desse midlane til oppgraderingstiltaka i Skatestraumstunnelen.

Fylkesrådmannen føreset at det vert ei avrekning av tildelt skjønstilskot mot KMD når arbeidet med tunnelen er ferdig. I tillegg er det framleis uavklart om vi vil få erstatning frå eigar av vogntoget si ansvarsforsikring. Med grunnlag i at hovudvekta av tiltaket vert finansierte ved å nytte løyvinga til skadefondet på fylkesvegnettet, finn fylkesrådmannen det praktisk å legge opp til ei administrativ fullmakt til å saldere avrekning/meirinntekter mot dette fondet.

I tabellen nedanfor er kostnad og finansiering knytt til brannen i Skatestraumstunnelen sett opp. Dei nødvendige endringane i løyvingane vert omtala under dei aktuelle tenestene.

Kostnadsoverslag ekskl. byggherrekostnader	Kostnad	Finansiering
Rehabilitering av tunnelen	33,1 mill. kr	16,4 mill. kr i skjønsmidlar frå KMD 16,7 mill. kr frå teneste 7222 Fylkesvegar – uføresette hendingar
Oppgradering i samsvar med tunneltryggingsforskrifta	3,2 mill. kr	3,2 mill. kr frå løyving til tunnelvedlikehald i høve tunneltryggingsforskrifta i 2015.
Ferje Smørhamn - Kjelkenes	4,7 mill. kr	4,7 mill. frå teneste 7222 Fylkesvegar – uføresette hendingar
Sum	41,0 mill. kr	

Teneste 7221 Driftsmidlar overført til investering

Fylkesrådmannen tilrår å auke løyvinga driftsmidlar overført til investering med 14,9 mill. kr. Midlane er tilrådd omprioritert frå samferdslesektoren med 7,5 mill. kr frå tenester knytt til kollektivtilbodet og 7,4 mill. kr frå vedlikehaldsmidlane på fylkesvegnettet. Midlane vil bli nytta som finansiering av veginvesteringar.

I tillegg tilrår fylkesrådmannen at samla overskot i tertialrapport 2/15 på 15,381 mill. kr vert overført til investeringsbudsjettet for fylkesvegar. Låneopptaket vert redusert tilsvarende, jf. vedlegg 2.

Fylkesrådmannen tilrår at tenesta vert auka med samla 30,281 mill. kr.

Teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald

Dei økonomiske utfordringane knytt til Skatestraumstunnelen er omtalt i eit eige avsnitt overfor. Utover dette vert det rapportert om eit mindreforbruk på drift på ca. 1,1 mill. kr og eit mindreforbruk på vedlikehald på 29,5 mill. kr. Mindreforbruket på vedlikehald er stort sett knytt til forseinka framdrift.

Samla mindreforbruk ekskl. Skatestraumstunnelen er 30,6 mill. kr. Fylkesrådmannen legg opp til følgjande disponering av mindreforbruket:

- 3,2 mill. kr til å dekkje kostnaden med oppgraderinga av Skatestraumstunnelen
- 20 mill. kr vert avsett til disposisjonsfondet «Fylkesvegar – vedlikehaldsmidlar». Midlane vert stilt til disposisjon for tunnelvedlikehald i 2016.
- 7,4 mill. kr vert omdisponert til teneste 7221 – Driftsmidlar overført til investering.

Budsjettet til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet vert etter dei samla tilrådde disponeringane (inkl. Skatestraumen) auka med 5,7 mill. kr. Dette kjem fram slik:

Budsjettendringar – drift og vedlikehald	Beløp
Skjønsmidlar frå KMD	16,4 mill. kr
Omdisponering frå teneste 7223 Fylkesvegar – uføresette hendingar	16,7 mill. kr
Avsetting til disposisjonsfond «Fylkesvegar – vedlikehaldsmidlar»	-20,0 mill. kr
Omdisponering til teneste 7221 – Driftsmidlar overført til investering	-7,4 mill. kr
Sum	5,7 mill. kr

Teneste 7223 Fylkesvegar - uføresette hendingar

Som ein konsekvens av brannen i Skatestraumstunnelen vert det tilrådd å omdisponere løyvinga med 21,4 mill. kr. 16,7 mill. kr vert omdisponert til teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald og 4,7 mill. kr vert omdisponert til teneste 7310 Fylkesvegferjer.

Tenesta vert tilrådd redusert med 21,4 mill. kr.

Teneste 7300 Buss – Kjøp av teneste

Fylkeskommunen sin kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift knytt til transporttenester er for 2015 fastsett til 2,5 mill. kr, jf. pkt. 2.1. Fylkesrådmannen vil tilrå å auke teneste 7300 tilsvarende.

Vidare viser tilpassingar av ruteproduksjonen, som følgje av vedtekne endringar i rutetilbodet, eit mindreforbruk på tenesta. I tillegg vert inntektene i Nordfjordanbodet høgare enn budsjettert. Mindreforbruket vert på 3,0 mill. kr.

Samla sett vert teneste 7300 tilrådd redusert med 0,5 mill. kr.

Teneste 7301 Buss – Skuleskyss undertransportør/diverse grunnskulen

I HS-sak 20/15 «Budsjett 2015 – Tertialrapport 1/15 for samferdslesektoren» vart det ved ein feil vedteke ein reduksjon av teneste 7301 med 0,700 mill. kr. Det var teneste 7302 Buss – Skuleskyss vidaregåande skule som skulle ha vore redusert. Denne feilen vert no retta opp ved å tilrå at teneste 7301 vert auka med 0,7 mill. kr med ein tilsvarande reduksjon av teneste 7302.

Basert på utvikling i behov for skuleskyss så langt i år kan løyving knytt til midlertidig/tilpassa skuleskyss i grunnskulen reduserast med 0,3 mill. kr.

Samla vert teneste 7301 tilrådd ein auke med 0,4 mill. kr.

Teneste 7302 Buss – Skuleskyss vidaregåande skule

Det vert vist til omtale under teneste 7301 Buss – Skuleskyss undertransportør/diverse grunnskule om retting av feil.

Tenesta vert tilrådd redusert med 0,7 mill. kr.

Teneste 7303 Ungdomstilbod

Ungdomskort på buss syner ein nedgang i bruk så langt i år, og tenesta vert tilrådd redusert med 1,3 mill. kr.

Teneste 7306 Buss – Diverse

Lågare kostnader knytt til marknadsaktivitetar og mindre uføresette kostnader gjev eit mindreforbruk på 0,7 mill. kr. Tenesta vert tilrådd redusert tilsvarande.

Teneste 7310 Fylkesvegferjer

Det vert eit meirforbruk på ferjedrifta på 4,7 mill. kr knytt til ekstraferje på sambandet Smørhamn-Kjelkenes etter hendinga i Skatestraumstunnelen i sommar. Meirforbruket vert dekkja av løyving på teneste 7223 Fylkesvegar – uføresette hendingar, jf. omtalen over.

Teneste 7310 vert tilrådd auka med 4,7 mill. kr.

Teneste 7321 Båt – skuleskyss/veglause grender

Vurdering per 2.tertial knytt til skyss for elevar i vidaregåande skule syner eit mindreforbruk på 0,6 mill. kr, og tenesta vert tilrådd redusert tilsvarande.

Teneste 7322 Båt – Ekspres- og lokalruter

Nye krav til sertifisering av mannskap, STCW, fører til at Fjord1 og Norled må gjennomføre kompetansehevingstiltak for mannskapa sine. Sertifiseringa skal vere ferdigstilt i løpet av 2016. Det har vore usikkerheit rundt kva dei nye krava faktisk inneber og kor store meirkostnader dette vil påføre fylkeskommunen. Det har så langt ikkje vore store kostnader knytt til denne sertifiseringa hjå selskapa i 2015, og teneste 7322 vert difor tilrådd redusert med 2,8 mill. kr.

Teneste 7331 Tilrettelagt transport

Ei ny vurdering knytt til serviceskyss og TT-ordning syner eit mindreforbruk på 1,3 mill. kr, og fylkesrådmannen tilrår at teneste 7331 vert redusert tilsvarande.

3. KAPITALBUDSJETTET

3.1 Investeringsprogram for bygg

I denne tertialrapporten legg fylkesrådmannen opp til ein samla reduksjon i investeringsbudsjettet for bygg på 46,150 mill. kr. Reduksjonen er i hovudssak knytt til tidsforskyvingar.

Fylkesrådmannen føreset at reduserte løyvingar til prosjekta i vedlegg 1, vert teke inn att i samband rullering av investeringsplanen i budsjett 2016/økonomiplan 2016-19.

Endringar for prosjektet som ikkje gjeld tidsforskyvingar er omtala under.

TA300 Oppgradering av tannklinikkar

I samband med uvisse om framtidig struktur for tannklinikane vert oppgradering og investeringar halde til eit minimum i 2015. Dette medfører ein reduksjon i løyvinga på 2 mill. kr.

3.2 Investeringsprogram for fylkesveggar

I denne tertialrapporten legg fylkesrådmannen opp til ein samla auke i investeringsbudsjettet for fylkesveggar i 2015 med 31,0 mill. kr frå 156,7 mill. kr. til 187,7 mill. kr. Auken er knytt til meirforbruk på ordinære investeringsprosjekt på 27,1 mill. kr og skredsikring på 3,9 mill. kr.

Skredsikring på fylkesvegnettet

Budsjettet til skredsikring blir samla auka med 3,9 mill. kr. Auken vert finansiert med statleg løyving på 3,2 mill. kr og mva. refusjon på 0,7 mill. kr.

Det vert lagt opp til følgjande endringar:

- Fv. 152 Allgøya vert redusert med 0,2 mill. kr
- Fv. 152 Rasvoll Alstokka vert redusert med 0,3 mill. kr. Sluttoppgjer vil bli belasta neste år.
- Fv. 337 Bjødnabakken vert auka med 7,0 mill. kr i 2015. Auken skuldast seinare oppstart enn føreset grunna lang vinter. Dette gir grunnlag for kompensasjon for lengre byggetid. Vidare er det noko større behov for vass- og frostsikring enn venta. Prosjektet er noko forseinka men det er framleis venta at prosjektet er ferdig hausten 2016.
- Fv. 55 Renninganeset – rasvoll Lånefjorden vert redusert med 2,6 mill. kr. Sluttoppgjer vil bli belasta neste år.

Detaljert investerings- og finansieringsprogram for skredsikring følgjer i vedlegg 2.

Ordinære investeringar på fylkesveg

Budsjettet til ordinære investeringar vert samla auka med 26,6 mill. kr. Det vert lagt opp til følgjande endringar:

Fv. 609 Dalsfjordsambandet

I tertialrapport 1/15 rapporterte fylkesrådmannen følgjande om Dalsfjordsambandet:

«Statens vegvesen har varsla eit meirforbruk på 22 mill. kr på Dalsfjordsambandet i 2015. Det er opplyst at det vart rapportert feil prognose for dette sambandet til FT-sak 25/14. SVV har enno ikkje funne årsaka til feilen, men vil rapportere på dette i tertialrapport 2/15. Fylkesrådmannen tilrår difor ingen endringar i prosjektet no, men vil kome attende til dette når det ligg føre ei forklaring. Viss det syner seg at gjeldande kostnadsoverslag er for lågt, må prognosen for prosjektet aukast med 22 mill. kr til 1 362 mill. 2015-kr. Det er førebels ikkje teke høgde for finansiering av ein ev. auke av kostnadsoverslaget.»

Statens vegvesen melder no at totalprognose for prosjektet pr. 2. tertial 2015 er på 1 367 mill. 2015-kr. Dette er 27 mill. kr meir enn det som vart rapportert som behov i samband med FT-sak 25/14 Dalsfjordsambandet – forliksavtale, og 68 mill. kr over gjeldande kostnadsoverslag. Dette svarar til ei overskriding på 5 pst. i høve til gjeldande kostnadsoverslag i prosjektet.

Årsaka til auken skuldast ein reknefeil på 22 mill. kr i prognosesettinga hausten 2014 utført av Statens vegvesen. Statens vegvesen forklarar reknefeilen med at det var mykje endringar på grunn av mange tilleggskrav og store endringar i samband med forlik i rettsaka.

I tillegg er det no meldt om behov for 3 mill. kr til avklaring av etterkontroll av skredsikringstiltak langs vegen, og 2 mill. kr til auka grunnerstatning og etterarbeid. Dette er kostnader som først kjem i 2016. 5 mill. kr vil difor bli innarbeidd i investeringsbudsjettet for 2016.

Fylkesrådmannen beklagar dette og er nøydd til å tilrå ein auke i løyvinga på 22 mill. kr i 2015.

Fv. 614 Lysanlegg Svelgen

Prosjektet melder om meirforbruk på 2,6 mill. kr. Auken skuldast meir masseutskifting auka mengde av grøfter, asfalt og arbeid i grøntareal. Lengre byggetid og har gitt auka byggherre-kostnader.

Fv. 545 Kinnvegen

Prosjektet melder om eit meirforbruk på 2,5 mill. kr grunna meir omfattande arbeid med overflatevassanlegg. Dette har ført til behov for fleire kummar, meir rør og grøft, samt omlegging av gangsti, meir muring og auka behov for rekkverk.

Fv. 609 Busslomme Rivedal

Prosjektet er avslutta med eit mindreforbruk på 1,496 mill. kr. Av desse midlane vert 1 mill. kr omprioritert til planlegging jf. vedtak i FT-sak 25/15 Tertialrapport 1/15 der fylkestinget gav fylkesrådmannen fullmakt til å nytte inntil 1 mill. kr til å utgreie ferjeavløysingsordninga. Resterande løyving på 0,496 mill. kr vert sett av til kollektivtrafikktiltak.

Planlegging

Løyvinga vert auka med 1 mill. kr, jf. utgreiingar knytt til ferjeavløysingsordninga.

Avslutning av diverse prosjekt

SVV har nytta 1 mill. kr av løyvinga til sluttsaldering av diverse prosjekt, jf. vedlegg 2.

Detaljert investerings- og finansieringsprogram for fylkesveggar følgjer i vedlegg 2.

4. RAPPORTERING PÅ FINANSPORTEFØLJEN OG KONSESJONSKRAFT

Rapportering på finansporteføljen per 2. tertial vert lagt fram for fylkestinget som ein del av tertialrapport 2/15. Rapporten følgjer som vedlegg 3.

Rapportering på konsesjonskraftomsetjinga per 2. tertial vert lagt fram for fylkestinget som del av tertialrapport 2/15. Rapporten følgjer som vedlegg 4.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)